



På terskelen til morgenhuset  
**KULTURSCENA I HÅ**  
**VÅRPROGRAM 2020**

**Laurdag 1. februar kl. 10.30-13.30. Biblioteket på Nærø  
FIKSELAUG MED JÆREN HUSFLIDSLAG**

Lær deg enkle teknikkar så du kan fiksa klede og andre tekstilar. Ta med eigne klede og få tips til korleis du enkelt kan få dei til å vara lenger. Du kan sitja saman med oss og fiksa og ordna, og du treng ikkje kunna noko om sying frå før.

Støtta av Rogaland fylkeskommune. Gratis.



**Tysdagar kl. 12.45-14.15. Biblioteket på Varhaug**

**MELLOM VARHAUG**

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. Her kan du blant anna prøve deg på 3D-printing, vinylkutting og sy på symaskin.

Støtta av Rogaland fylkeskommune. Gratis.

**Datoar i vår: 14. jan., 21. jan., 4. feb., 11. feb., 18. feb., 3. mars, 10.mars og 17. mars.**



**Laurdag 18. januar kl. 12.00-12.30. Biblioteket på Nærø  
BOKDRØS FOR BARN**

Gratis.

**Laurdag 18. januar kl. 14.00. Hå gamle prestegard  
OPNING AV NYE UTSTILLINGAR**

**Regien Cox**

**EN LINEÆR VANDRING MED GRØNN KOFFERT**

Installasjon


Utstillinga består av ei rekke sjølvportrett – alle like store, like forskjellige og alle mest like grøne. Det er små øyeblikk av kunstnaren sitt spegelbilete. «Et meg slik ingen andre enn jeg selv vil kunne se det». Skulpturar forma som delar av ei båtkrybbe gir med enkle linjer assosiasjonar til urformer. Skulpturane er inspirert av strandgravfeltet ved prestegarden.

Cox har hatt separatutstillingar på mellom anna Bomuldsfabrikken, Spriten kunsthall og Kraft, og er innkjøpt av Nasjonalgalleriet. Regien Cox er frå Nederland, nå bur ho i Arendal. Ho er utdanna i tekstil ved Kunsthøyskolen i Bergen .

18. januar – 22. mars



Regien Cox, Selvportrett-skisser



Zdenka Rusova, *untitled*

**FETT**

## **PLANTRYKK**

litografi / monotypi

**Åse Anda, Ingebjørg Une Hagen, Cathrine Alice Liberg, Line Prip, Bjørn Ransve,  
Zdenka Rusova og Erik Solheim**

Både blant kunstnarar og hos publikum ser vi fornya interesse for grafikk. Hå gamle prestegard har frå 2018 presentert ein serie grafikkutstillingar med tema rundt dei ulike teknikkane. *FETT – planTRYKK* er den tredje i serien og viser arbeid innan litografi og monotypi av sju norske kunstnarar. Litografi er ein grafisk trykkjeteknikk, opphaveleg med stein (lito)som botnmateriale, men seinare og metallplater. Utstillingsrekka er eit bidrag til 100-årsmarkeringa av at Norske Grafikere vart etablert i 1919. Grafikk består av fleire teknikkar der samnemnaren er at det ferdige verket er avtrykk av ei trykkplate.

18. januar – 15. mars

Søndag 19. januar kl. 13.30. Hå gamle prestegard

## **VANDRING I UTSTILLINGANE MED KUNSTNARAR**

Onsdag 29. januar kl. 19-21. Hå gamle prestegard

## **PLANTRYKK**

Omvising i utstillinga *FETT – planTRYKK* og foredrag med kunstnar Åsmund Haukelidsæter.

Åsmund Haukelidsæter er utdanna ved Statens Høgskole for Kunsthåndverk og Design i Bergen. Han var mellom anna leiar av litografiavdelinga på Grafisk Verksted i Stavanger fra 1990- 2009.

Kr 200 inkl. kveldsmat. Kunstnarar og studentar kr 120.  
Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51791660

Cathrine Alice Liberg "Silhouette"  
Biletet vert vist på utstillinga *FETT – planTRYKK*



**Tysdagar kl. 12.30-14.00. Biblioteket på Nærø**

**MELLOM NÆRBØ**

Klubb for deg som går på mellomtrinnet. På Mellom kan du velja mellom ulike aktiviteter. Me har Play Station 4, brettspel, symaskinar, 3D-printer, vinylkuttar, farga papir, tråd og anna gøy. Du bestemmer sjølv kva du vil gjere eller lage. Det vil vera ein vaksen som kan hjelpe deg om det trengs.

Støtta av Rogaland fylkeskommune. Gratis.

**Datoar i vår:** **21. jan., 28. jan.** (Film), **4. feb.** (Turnering på PS4), **11. feb.** (Film), **18. feb., 3. mars, 10.mars** (Turnering på PS4), **17. mars, 24. mars, 31. mars.**



**Torsdag 23. januar kl.18.00. Biblioteket på Nærø**

**KRISTINE HOVDA: Jeg lever ikke lenger selv**

Kristine, 15 år, har tala 6220 som kode på bankkortet sitt. Tala viser til eit vers i Det nye testamente: «Jeg er korsfestet med Kristus. Jeg lever ikke lenger selv, men Kristus lever i meg». Som vaksen, nå forfattar, journalist, og musikar, står Kristine på stranda der ho blei døypt som tenåring. Ho spør seg sjølv om ho i det heile teke kan bruke noko av det ho den gongen lærte om Gud, eller om ho rett og slett må lære seg å leve sjølv...

Kaffi/te/twist. Støtta av Fritt Ord. Gratis.



**Laurdag 8. februar kl. 11.00-13.00. Biblioteket på Nærø**

**KLESBYTEDAG – HEIMESTRIKKA PLAGG**

Har du heimestrikka plagg du ikkje bruker sjølv? På klesbytedagen i biblioteket kan du få byte dei inn.

Plagga du leverer inn må vera heile, reine og fint brukt. Innlevering ved biblioteket på Nærø i veke 6, frå og med mandag 3. februar, til og med fredag 7. februar. Du vekslar inn plagga i bongar (maksimalt fem). Med bong kan du byta til deg plagg på sjølve klesbytedagen.

Velkommen!



**Laurdag 15. februar kl. 10.30-13.30. Biblioteket på Nærø**

**SY PÅ SYMASKIN**

Me set fram symaskinane våre. Ta med deg det du ynskjer å sy og kom!

Støtta av Rogaland fylkeskommune. Gratis.

**Måndag 17. februar kl. 18.00. Biblioteket på Ogna**

**Måndag 27. april kl. 18.00. Biblioteket på Ogna**

**BOKCAFÉ**

Bokprat ved Jan Helge Stensland. Enkel servering. Gratis.

**Tysdag 18. februar kl.12.30-13.30. Biblioteket på Nærø**

**LESESIRKEL**

Liker du å lese og har du lyst å vere med i lesesirkel? Me møtest i biblioteket på Nærø ca. ein gong i månaden og snakkar om boka me har lese. Bok for februar er *Due og drone* av Kjartan Fløgstad.

Neste dato og ny bok blir annonsert i biblioteket, på Facebook eller via e-post.  
(Ta kontakt med biblioteket på [bibnar@ha.kommune.no](mailto:bibnar@ha.kommune.no)).

Velkommen til te, kaffi og hyggeleg prat om bøker.  
Gratis.

---

**Torsdag 20. februar kl.18.00. Biblioteket på Nærø**

**KRIGSHELTER UTEN ÅERE – MORFARBREVENE**

Asgeir Lode i samtal med Tom Hetland. *Krigshelter uten ære – morfarbrevene* er historia om to unge menn, frå Stavanger og Levanger, og andre i den hemmelege XU-gruppa Bergljot frå 2. verdskrig. Dei risikerte mykje, men fekk aldri takk for innsatsen. Boka er bygd på 150 brev som vart redda frå å verta kasta, samt 74 frigitte rettsdokument frå ei landssviksak som endte med full frifinnning i Trondheim byrett i 1949.

Kaffi/te/twist. Støtta av Fritt ord. Gratis.



**BIBLIOTEKKINO I VINTERFERIEN**

**Ogna:** Onsdag 26. februar kl.16.00. Film om Peter Pan. 1 t. 17 min.

**Nærø:** Måndag 24. februar kl. 12.00. Film om Robin Hood. 1 t. 10 min.  
Tysdag 25. februar kl. 12.00. Film om Lady og Landstrykeren. 1 t. 13 min.  
Onsdag 26. februar kl. 12.00. Film om Peter Pan. 1 t. 17 min.  
Torsdag 27. februar kl. 12.00. Film om Dumbo. 1 t. 1 min.  
Fredag 28. februar kl. 12.00. Film om Den lille havfruen. 1 t. 19 min.  
Laurdag 29. februar kl. 12.00. Film om Skjønnheten og Udyret. 1 t. 31 min.

Desse teiknefilmane er tillatne for alle. Gratis.



---

**Tysdagar kl. 14.00-15.00. Biblioteket på Nærø**

**SPRÅKDRØS**

Språkdrøs er for alle som ynskjer å snakke norsk. Me møtest til ein hyggeleg og uformell prat over ein kopp kaffi eller te. Velkommen! Gratis.

**Datoar i vår: 25. februar, 31. mars, 28. april og 26. mai**

biblioteket  
SPRÅKDRØS  
VELKOMMEN  
snakke  
norsk


**Laurdag 7. mars kl.12.00. Biblioteket på Nærø**

## **LESESTUND MED FORFATTAR HEIDI OSA SYVERTSEN**

Heidi Osa Syvertsen les og fortel frå biletboka si, *Ballongen*. Ein ballong flyr av garde. Guten som mista ballongen græt og er lei seg. Om kvelden spør guten faren sin kor ballongen er no. Faren fortel at vinden tok med seg ballongen ut av byen og over havet, til andre land. Ballongen reiser gjennom ei verd av ulikskapar og kontrastar i møte med sorg, glede, frykt og håp. Midt på havet er det ein båt med hundre personar utan redningsvest. Ei jente frå båten får fatt i ballongen. Den røde ballongen gjev håp og glede i eitt hav av blått, uvisse og frykt.

Frå 4 år. Gratis.

Støtta av Fritt Ord.



**Tysdag 10. mars kl. 18.00. Jadarteim, Nærø.**

## **KULTURSKULEKONSERT**

med elevar frå Hå kulturskule. Gratis.

**Onsdag 11. mars kl. 18.00. Jadarteim, Nærø.**

## **KULTURSKULEKONSERT**

med elevar frå Hå kulturskule. Gratis.

**Onsdag 11. mars kl. 19 – 21. Hå gamle prestegard**

## **TULLA LARSEN - MATHILDE MUNCH**


Onsdagsforedrag med forfattar Lene Therese Teigen.

Romanen som Lene Therese Teigen presenterar denne kvelden på Hå handlar om Mathilde Larsen som innleia eit kjærleiksforhold til Edvard Munch då ho var tjuen i år. Forholdet varte i fire år og var svært turbulent. Det enda med eit skot i handa til Munch.

Lene Therese Teigen (cand.philol.) er norsk dramatikar, forfattar og regissør.

Kr 200 inkl. inngang til utstilling og kveldsmat.

Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51791660



Tulla Larsen, 1900. Foto: Loescher & Petsch, Berlin.

Edvard Munch i lys hatt, ca. 1902. Ukjent fotograf. Munchmuseets arkiv.

Laurdag 14. mars kl. 11.00-13.00. Biblioteket på Nærø

## WORKSHOP I VINYLKUTTING

Velkommen til biblioteket på open verkstad i vinylkutting. Me har to Cameo 3 vinylkutterar, vanleg matte, PixScan-matte, pennhaldar og varmepresse. Me har òg HTV og kartong som kan kjøpast. Ta med deg det du elles treng og treff andre med same hobby. Slepp fantasien laus og vel møtt!

Frå 16 år. Gratis.

Støtta av Rogaland fylkeskommune.


Tysdag 17. mars kl.18.00. Biblioteket på Nærø

## FORFATTARBESØK: DEMIAN VITANZA

Demian Vitanza presenterer boka si *Dette livet eller det neste*. Romanen er basert på ei sann historie om norsk-pakistanske Tariq, som reiser frå Halden til Syria, for å kjempe saman med dei muslimske opprørsgroupene mot Assad sitt regime.

Demian Vitanza har skrive ein viktig roman som gjer lesaren klokare på fenomenet fremmedkrigar. For denne boka mottok Vitanza Ungdommens kritikerpris. Romanen var også nominert til blant anna P2-lyttarane sin romanpris.

Kaffi/te/twist. Gratis.  
Støtta av Fritt ord.



Laurdag 21. mars kl 18.00. Bø skule

## MUSIKALKONSERT MED NÆRBØ MUSIKKORPS OG SOLIST INGER LISE HOPE

Det blir eit stort utval av ulike songar frå musikalar tilbake til 40-talet og nyare og meir kjente melodiar som passar til alle.

Billettar: kr 250,- (vaksen) / 150,- (barn).

Arr. Nærø musikkorps

Følg oss på Facebook.



Torsdag 26. mars kl.18.00. Biblioteket på Nærø

## FORFATTARBESØK: SONJA HOLTERMAN

Sonja Holterman presenterer den nye krimboka si *Gå med meg*. I boka møter me krimjournalist Ira Torgrimsson. Eit drap fører ho til russetreffet i Kongeparken, der ho nøstar opp historia om Kristine og oppveksten hennar i eit kristent miljø på Nord-Jæren på 80-tallet.

Kaffi/te/twist.  
Boksal ved Norli.  
Gratis.



**Fredag 27. mars kl. 18.00. Motland skule.**

**Søndag 29. mars kl. 14.00. Motland skule.**

**OLSENBANDET PÅ ROCKER'N**  
**Musikal med Hå kulturskule.**

Egon gav Kjell hjelp med å jukse på matteprøven, men sjølvsagt måtte Valborg sladre! Derfor får Egon husarrest, igjen... Når han kjem ut att har han ein heilt nymotens plan. Dei skal prøve seg som rockeartistar, vinne skulekonkurransen og få spele på sjølvaste opningskvelden til NRK. Vinn Olsenbanden premien på 50000 kroner, lokkar amerikanaren Pop-Johansen med at dei kan bli med til Amerika, spele inn plate og møte sjølvaste Elvis. Men kan dei stole på Pop-Johansen?

Billettar: kr 200,- / 150,- [www.ha.no/billetsalg](http://www.ha.no/billetsalg)



**Laurdag 28. mars kl. 10.30-13.30. Biblioteket på Nærøs  
PÅSKEVERKSTAD**

Me brettar hyns.

Gratis.



**Laurdag 28. mars kl. 14. Hå gamle prestegard  
OPNING NYE UTSTILLINGAR**

**CRUDE / RÅOLJE**

Alexander L. Kielland-ulykken, 40 år.

dokumentar fotografi

Marie Smith-Solbakken og Tord F. Paulsen



Foto: Norsk Oljemuseum

27. mars 1980 velta boligplattforma Alexander L. Kielland i Nordsjøen. 123 mann omkom og 89 blei redda.

*Crude / Råolje* er ei dokumentarutstilling utvikla i samarbeid med professor Marie Smith-Solbakken, UiS, og fotograf Tord F. Paulsen. Utstillinga set fokus på Kielland-ulukka i lys av ein debatt om ytringsfrihet, medverknad, demokrati og kapital. Forteljingar, sitat og dokumentarisk fotografi av berørte skapar ein samansett polyfon.

Utstillinga gir innblikk i nære opplevelsar og personlege historier. På same tid vil ho teikne konturane til makt- og kapitalinteressene som sto på spel.

Støtta av Norsk Kulturråd og Fritt Ord.

**Utstillingsperiode:**  
**28. mars - 31. mai.**



Foto: Tord F. Paulsen, «Familien Thomesen».

**OPNING LAURDAG 28. MARS KL. 14**

## ***FOR aig veit existen af world***

**Alexander L. Kielland-ulykken, 40 år.**

Ole Martin Lund Bø, Andrei Molodkin, Thiago Rocha Pitta, Markus Li Stensrud og arla Zaccagnini  
Internasjonal samtidskunst

Samtidskunstutstillinga *FOR aig veit existen af world* tek opp problemstillingar som er relevante for å forstå hendinga i ein større samanheng. Verda, slik vi kjenner ho i dag, er blant anna eit resultat av førre hundreåret si industrialisering basert på tilgang til fossilt brensel. Kunstuutstillinga vil kaste lys over denne vide konteksten, skape rom for refleksjon om økonomisk vekst, konsolidering av velferdsstaten, geopolitikk og "framskritt". Den vil og berøre meir eksistensielle problemstillingar som er del av forteljingar om tragiske hendingar.

Støtta av Norsk Kulturråd og Fritt Ord

**Utstillingsperiode: 28. mars - 31. mai.**



**OPNING LAURDAG 28. MARS KL. 14**

**Kjell Torriset**

## ***v e r y l i k e a w h a l e***

**maleri**

Kjell Torriset (1950) har i heile virket sitt som biletkunstnar vore oppteken av figuren i sine komposisjonar. Biletspråket hans er i hovudsak utvikla frå eit figurbasert uttrykk i 1970- og 1980-åra til eit meir abstrahert eller symbolprega bilespråk kor forenkla figurer og sterke fargeflater i samansatte komposisjonar har fått større plass. Kjell Torriset er representert i alle dei store offentlege samlingane i Norge. Han har utført ei rekke store utsmykkingsoppdrag for både private bedrifter og offentlege institusjonar.

Kjell Torriset har store deler av utdanninga si frå, og er busett i, England. I 1974–78 gjekk han på Statens kunstakademi.

**Utstillingsperiode: 28. mars - 31. mai.**



Søndag 29. mars kl. 13.30. Hå gamle prestegard

## VANDRING I UTSTILLINGANE

med kurator Adriana Maria Alves Da Silva

Inngangsbillett til utstillingane gjeld

Måndag 30.mars kl.18.00-19.00. Biblioteket på Nærø

## LENA LINDAHL: *Jenta i veggen - i skjul for nazistene.* FOREDRAG

I 2018 kom boka *Jenta i veggen - i skjul for nazistene*. Boka er ein biografi om Betzy Rosenberg, ei norsk-jødisk jente som klarte å gøyme seg for tyskarane og norske nazistar i Trondheim frå hausten 1942 til krigen var slutt. Foredraget tek for seg jødane si historie knytt til 2. verdskrig og Betzy Rosenberg sin skjebne spesielt.

For ungdommar og vaksne.

Kaffi/te/twist

Gratis.

Støtta av Fritt Ord.



Søndag 13. april kl. 12 – 15. Hå gamle prestegard

## FAMILIEDAG MED PÅSKETRADISJONAR

Ta fram sykkelen og kom til Hå 2. påskedag. Her får du koke påskeegg i strandsteinane og dekorere påskeegg i verkstaden. Du får høre påskeforteljing, og du kan leite etter gøynde påskeegg. Kanskje vert det fleire overraskinger.

Følg med på [www.hagamleprestegard.no](http://www.hagamleprestegard.no)

Sal av pølser kokt på bål.

Arr. I samarbeid med Vennelaget for Hå gamle prestegard.



Onsdag 15. april kl. 19 – 21. Hå gamle prestegard

## DE SOM OVERLEVDE OG DE SOM REDDET

Alexander L. Kielland-ulykken 40 år etter.

Foredrag med professor Marie Smith-Solbakken.

Etter eit inntleide foredrag vil Smith-Solbakken ha ein samtale med Kåre Magne Kvåle og Wigulf Schjøll.

Marie Smith-Solbakken er professor i historie ved UiS og forfattar mellom anna av boka

*Rålje «Alexander L. Kielland»-ulykken.*

Hendelsen, etterspillet, hemmelighetene.

Kåre Magne Kvåle overlevande etter ulukka

Wigulf Schjøll er dykker og redningsmann under ulukka.

Kr 200 inkl. inngang til utstillinga og kveldsmat.

Studentar kr 120.

Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no

eller 51 79 16 60.

Udstillingsperiode: 28.mars-31.mai

**Støtta av Norsk Kulturråd og Fritt Ord.**



Torsdag 16. april kl.17.30- 18.30. Biblioteket på Varhaug

## BOKKAFFÈ FOR BARN

Britt Astrid Helland Ek fortel og les frå nye bøker.

Arrangementet passar for barn frå ca. 4 år til og med 2. klasse.

Enkel kos. Gratis.




Laurdag 18. april kl.10.30-13.30. Biblioteket på Nærø

## DROP-IN 3D-PRINT

Kom på biblioteket og bruk ein av 3D-printarane våre. Du må ha laga deg ein brukar på Tinkercad.com før du kjem (gratis). Ta med eigen berbar pc + mus.

Passar for deg som har prøvd 3D-printing før. Barn under 8 år i følgje med vaksne.

Støtta av Rogaland fylkeskommune. Gratis.



**Onsdag 22. april kl. 18 – 21. Hå gamle prestegard  
DØDEN ER INGEN PRIVATSÅK  
Alexander L. Kielland-ulykken 40 år etter.**

**PUSLINGER**  
**Bokbad med forfattar Atle Berge**  
i samtale med Else Tungland.



Året er 1980. I Nordsjøen har bustad- plattforma Alexander L. Kielland kantra, og heime i Nordhordland sit familien til oljearbeidaren Jonny og ventar på at telefonen skal ringje. Vi følgjer tenåringssjenta Marita vidare i livet, gjennom forelsking og opprør og i draumen om å bli oljeingeniør. Med seg har ho eit brennande ønske om å finne svar på kva som gjorde at Kielland velta.

**ROLF OG JEG**  
**Marie Aano Reme** les frå eigen artikkel om onkelen ho mista i Kielland-ulukka.

**HVORDAN SNAKKE OM NASJONALE KATASTROFER?**  
- Alexander Kielland-ulykken 27. mars 1980 og Terrorangrepene 22. juli 2011  
**Foredrag med historikar Tor Einar Fagerland.**

Korleis skal vi som samfunn og som ansvarlege samfunnsborgarar forhalda oss til nasjonale katastrofar?

Kr 250 inkl. inngang til utstillinga og kveldsmat.  
Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60.  
Støtta av Norsk Kulturråd og Fritt Ord.

**Laurdag 25. april kl. 10 – 16. Hå gamle prestegard og Norsk Oljemuseum  
MUSEUMSAFARI**

Omvising i utstillinga *CRUDE / RÅOLJE*. Lunsj i kafeen på Hå gamle prestegard. Avreise til Stavanger i eigen bil.  
Omvising i ny Alexander L. Kielland-utstilling på Oljemuseet.  
Guidar med kunnskap og erfaring frå Kielland-ulukka er med på turen, Frode Fandebust og Bjørn Vidar Lerøen.

Kr. 250 inkl. inngang til utstillingane, omvising og lunsj.  
Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60.

**Laurdag 25. april kl. 12.00. Biblioteket på Nærbo  
NYSGJERRIGTIMEN: Insekthotell**

Me får besøk av Vitengarden. Lag ditt eige insekthotell med vedkubbar og ein drill.  
Mange insekt kan ha godt av litt hjelpe og me vil og gjerne ha hjelpe av dei. Lær litt om kva eit insekthotell er og bli inspirert til å laga insekthotell i alle slags former til din eigen hage.

Frå 3 år.  
Gratis.



Tysdag 5. mai kl. 18.00. Jadarheim, Nærø.

## FOLK OG RØVERE I KARDEMOMMEBY

Teatergruppe frå Hå kulturskule.

Regi: Camilla Espeland Ystanes.

Musikk: Inger Elisabeth Aniksdal.

Billettar kr 100,- / 50,-.

[www.ha.no/billettsalg](http://www.ha.no/billettsalg)

Torsdag 7. mai kl. 19.00. Obrestad fyr

## LITTERÆR JAZZKLUBB

MED EDVARD HOEM OG JOHN PÅL INDERBERG TRIO

Det blir slåttekarar og prærieliv når **Edvard Hoem** les utvalde stykke frå utvandrarbøkene Slåttekar i himmelen, Bror din på prærien og Land ingen har sett.

**John Pål Inderberg Trio** spelar slåttar og polsar inspirert av Oline Sofie Bakkom og amerikanske jazzlåtar som har utvandra frå prærien til Trøndelag.

## MAIJAZZ PÅ OBRESTAD FYR.

Billett og pris: [www.maijazz.no](http://www.maijazz.no)



Laurdag 9. mai kl. 12.00. Biblioteket på Nærø

## PILUTTA DEG! – Pippi Langstrømpe 75 år

Bli med på loffen og syng deg gjennom Astrid Lindgren sitt rike sammen med Sara Anderson på gitar og Hege Rimestad med fele, sag og munnspele. Bli med å gjette og syng med på songane til Pippi, Emil, Marikken, Ronja og de andre skøyaranane til Astrid Lindgren.

For alle. Varer i ca. 45 min. Gratis. Støtta av Nasjonalbiblioteket.



Søndag 10. mai kl. 14.00. Hå gamle prestegard

## MAIJAZZ FAMILIEKONSERT: SMÅ BLÅ

Også i år vert det familiekonsert i løa på Hå.

Artistar vert annonserat seinare.

Følg med på [www.hagamleprestegard.no](http://www.hagamleprestegard.no) og [www.maijazz.no](http://www.maijazz.no)

**Fredag 15. mai kl. 19 – 21.30. Hå gamle prestegard**

## **ATLANTIC BLUE**

**Alexander L. Kielland-ulykken 40 år etter.**

Møt forfattaren **Carsten Jensen** i samtale med professor

**Hans-Jørgen Wallin Weihe** denne kvelden på Hå-



Med utgangspunkt i Kielland-ulukka vil Carsten Jensen assosiera rundt død og drukning i Atlanterhavet og trekkja linjene tilbake i historia.

**Carsten Jensen** er dansk forfattar og journalist.

Det store skjønnlitterære gjennombrotet fekk han i 2006 med romanen *Vi, de druknede* som handler om sjøfarten og fødebyen hans Marstal på øya Ærø i Danmark. Jensen var på Hå i mars 2015 og presenterte denne boka.

**Hans-Jørgen Wallin Weihe** er professor ved Høgskolen i Lillehammer, samt forfattar, redaktør og samfunnsdebattant.

Kvelden opnar med en minikonsert med **Jarle Obrestad**.

Jarle er kjend frå "Vind i gardhol" og "Jærrock". Han kjem med ny CD i vår med tekstar av Helge Torvund.

Kr 250 inkl. kveldsmat. Sal av mineralvatn, øl og vin.

Påmelding: post.hpg@ha.kommune.no eller 51 7916 60.

Støtta av Norsk Kulturråd og Fritt Ord.



**Laurdag 16. mai kl. 12.00. Biblioteket på Nærø**

## **BIBLIOTEKKINO**

Ei gruppe høner prøver å flykta frå ein liten hønsegard der det ventar dei fryktelege skjebnar viss dei ikkje klarer å produsera nok egg. Dei skurkaktige eigarane planlegg å laga kyllingpai ved hjelp av ein monstermaskin. Det blir mykje drama, lått og løyte.

Filmen varer i 1 t 24 min.

Aldersgrense: 7 år (men yngre kan gå saman med vaksne).

Gratis.



**Tysdag 19. mai kl. 18.00. Jadarheim, Nærø**

## **DEN TRISTE KONGEN**

## **SNEHVIT, SNØHVIT OG DE FEM(!) DVERGENE**

Teatergrupper frå Hå kulturskule

Regi: Frank Robert Andreassen og Camilla Espeland Ystanes

Billettar kr 100,- / barn gratis

[www.ha.no/billettsalg](http://www.ha.no/billettsalg)

**Onsdag 27. mai kl 13.00. Biblioteket på Nærø**

## **«BLANDA DROPS» - KONSERT MED ALLSONG**

Songar Jofrid Mosland og pianist Ragnvald Wernøe har med seg eit variert og kjent repertoar. Det blir slagerar og songar som står til overgangen mellom vår og sommar. Dei to har samarbeidd musikalsk i mange år, både ved julejazzkonsertane på Hå gamle prestegard og konsertar på institusjonar.

Arrangementet er i regi av «Den kulturelle Spaserstokken». Gratis.

Fredag 29. mai. Hå gamle prestegard

## **PLATTFORMEN SOM IKKE KUNNE VELTE**

Alexander L. Kielland-ulykken 40 år etter.

Seminar og debatt om kva Kielland-ulukka har lært oss.

Seminaret er ope for publikum.

I samarbeid med Kielland-nettverket og Fagforeninga SAFE

## **KONSERT KL.18**

### **RINGER I VANNET**

#### **POLYFONI**

Tekstar og forteljingar av berørte av  
ulukka med skodespelar

**Helge Jordal** og musikar.



## **HANNE VASSHUS MED BAND**

#### **KONSERT**

Hanne har jobba med kontrastane mellom soul og jazz og med dette laga sitt eige uttrykk som ho har reindyrka.  
Pris kr 300. Sjå tidspunkt, og meir info, på [www.hagamleprestegard.no](http://www.hagamleprestegard.no)

Støtta av Norsk Kulturråd og Fritt Ord.



## **JUBILEUMSVEKA – HÅ KULTURSKULE 50 ÅR**



Sjå heile programmet på: [www.ha.no/kulturskulen](http://www.ha.no/kulturskulen)

Onsdag 3. juni kl. 18.00. Storstova, Bryne

## THE WAY WE MOVE - DANSEFRAMFØRING MED ELEVAR FRÅ HÅ KULTURSKULE

Regi og produksjon: Cecilie Hadland og Anette Ree.

Billettar kr 120,-. [www.storstova.com](http://www.storstova.com)



Fredag 5. juni kl. 16.30. Nye Loen, Nærø

## BOLLER OG BRUS - JAZZ OG BLUES

Allsong med alle barnehagane i Hå kommune.

Forsongar Silje Sandanger og band med Ragnvald Wernøe (piano), Erlend Furuset Jenssen (sax) og Olav Andreas Abildgaard (slagverk)

Billettar kr 50,- / barn gratis [www.ha.no/billettsalg](http://www.ha.no/billettsalg)

Fredag 5. juni kl. 18.00. Jadarheim, Nærø.

## MIRAKELDRIKKEN

Musikalsk forteljing av Lars Ole Bergersen etter Bjørnson og eit eventyr av Asbjørnsen og Moe. Songarar frå Hå, Klepp og Sirdal kulturskular og sinfoniettaen Insimul.

Dirigent: Rune Furøy Johansen

Billettar kr 100,- / 50,-. [www.ha.no/billettsalg](http://www.ha.no/billettsalg)



Laurdag 6. juni kl. 16.00. Hå gamle prestegard

## OPERAKAFE MED UNG OPERA FRÅ HÅ KULTURSKULE

Sal av mat frå kafeen.



Søndag 7. juni kl. 18.00. Nye Loen, Nærø

## HÅ KULTURSKULE 50 ÅR - JUBILEUMSKONSERT

Festkonsert med elevar og lærarar.

Regi: Frank Robert Andreassen

Billettar kr 100,- / 50,-. [www.ha.no/billettsalg](http://www.ha.no/billettsalg)

**Laurdag 6. juni kl. 14. Hå gamle prestegard  
OPNING NYE UTSTILLINGAR**

Vanna Bowles og Linn Cecilie Ulvin

**JEG KOMMER TILBAKE TIL DET Å FALLE**  
teikning / installasjon / tekst

I denne separatutstillinga vil Vanna Bowles og Linn Cecilie Ulvin presentere breidda av kunstnarskapen deira, og vise teikningar, installasjon, skulptur, tekst, foto og lyd. På opninga synar dei ein performance spesielt laga for staden, arkitekturen og landskapet på Hå.

Vanna Bowles er biletkunstnar. Linn Cecilie Ulvin er biletkunstnar, forfattar og frilans kurator. Dei har i mange år samarbeida i ulike prosjekt. Samarbeida er blant anna vist i Lillehammer Kunstmuseum, Skövde Konsthall, Tegnerforbundet, Litteraturhuset og publisert i bok.

Utstillingsperiode: 6. juni - 6. september.



Linn Cecilie Ulvin, Krusifiks, føtter, fotografi, digitaltrykk, 2019



Vanna Bowles, Uten tittel, blyanttegning, 2019

**MINDRE ENN 0,002 mm**  
samtidskeramikk på kornet  
gruppeutstilling

Utstillinga set fokus på eit utval kunstnarar frå ulike generasjonar, som i hovudsak arbeidar med leire. Leire er finkorna jord der korna er mindre enn 0,002 mm. Overgangen mellom tradisjonelt kunsthandverk og samtidskunst er meir flytande i dag, og relasjonen mellom den heimlege sfæren (brukskunst) som motsetnad til kunsten sin autonomi vert bearbeida i fleire prosjekt. Prosessen med å arbeida med brent leire er tidkrevande og møysoinneleg. I *Mindre enn 0,002 mm* møter vi eit utval kunstnarskap med kvart sitt individuelle kunstuttrykk som alle viser eit bevisst forhold til materialet dei arbeider med.

Utstillingsperiode:  
6. juni - 6. september.



Anne Marte Dyvi

## Å GJØRE TID

### Video

Filmen portretterer ein fange på Åna fengsel som dryppar stearinlys.  
Her produserer hardbarka kriminelle i Norge tidkrevande handarbeid.  
I filmen er kunstnaren i samtale med den insette.

Udstillingsperiode: 06. juni – 28. juni.



Anne Marte Dyvi, *Å gjøre tid*, stillbilde frå video

Søndag 7. juni kl. 13.30. Hå gamle prestegard

## VANDRING I UTSTILLINGANE

med kunstnarar

Inngangsbillett til utstillingane gjeld

Onsdag 10. juni kl. 19 – 21. Hå gamle prestegard

## Å GJØRE TID

Onsdagsforedrag med fengselsleiar ved Åna fengsel, **Leif Magne Viste**.

Viste vil fortelja om livet til dei som sit i fengselet og om korleis det var for han å veksa opp som barn av ein tilsett ved Åna fengsel, tidlegare Opstad tvangsarbeidshus.

Foredraget er i samband med videoverket *Å gjøre tid* av kunstnaren **Anne Marte Dyvi**.

Verket handlar om ein innsett i Åna Fengsel.

Kr 200 inkl. inngangsbillett til utstillinga og kveldsmat.

Påmelding: post.hgp@ha.kommune.no eller 51 79 16 60.



Religion gir oss kun ord.

Anne Marte Dyvi, *Å gjøre tid*, stillbilde frå video

Laurdag 20. juni kl. 14. Obrestad fyr

## **OPNING NY PERMANENT UTSTILLING FYRBYGGJARANE OG FYRVAKTARANE**

Den 20. juni i år opnar ei ny permanent utstilling på Obrestad fyr. Utstillinga fortel om kvifor fyra står der dei står, kven som bestemte det, kven som bygde dei og kven som budde der og drifta dei.

Obrestad fyr er frå 1873. Det vert automatisert i 1991. I 2006 kjøpte Hå kommune fyret av Kystverket. Eit mål med kjøpet er å bevare kulturen og historia til anlegget, og vise korleis fyr kan nyttast i nye samanhengar. Sjølve fyrbygningen er i dag fymuseum og står slik det var i 1991. Dei siste åra er fyret restaurert både ute og inne.

Fyra er synlege spor av Norges sjøfartshistorie. Dei er blant dei mest markante kulturminna i landet og er i dag både historiske og kulturelle fyrtårn.



Laurdag 20. juni kl. 14. Obrestad fyr

## **OPNING NY UTSTILLING**

*GITARBYGGING I ROGALAND DEI SISTE 75 ÅRA*

Asgaut Steinnes


I samarbeid med gitarsamlar, forfattar og museumsgründer Asgaut Steinnes presenterer vi eit utval av gitarar produsert i regionen.

Norsk gitarproduksjon går omlag 300 år tilbake i tid. Fram mot slutten av andre verdskrig var det stort sett enkeltpersonar som stod for produksjonen. I tillegg til instrumenta vil vi presentere gitarprodusenten, om det er ein kunstnar, ein handverkar, ein amatør eller om det er profesjonelle gitararmakarar. Rogaland kan visa til ein omfattande produksjon. Nå blir dei velrenomerte Strand-gitarane produsert på Jørpeland.

Utstillingsperiode: 20. juni – 27. september

Arrangement i samband med utstillinga Gitarbygging i Rogaland dei siste 75 åra vart publisert seinare.

**Følg med på [www.hagamleprestegard.no](http://www.hagamleprestegard.no)**



**Laurdag 15. februar kl. 10.00 Kurs: Tråd på pinnen – strikkedag på Vitengarden**

Strikkedag med ulike kurs, foredrag, pop-up butikk og servering av god lunsj.

Påmelding i forkant er nødvendig. Meir info på [www.vitengarden.no](http://www.vitengarden.no)

**Laurdag 22. februar – søndag 1. mars: Vinterferieaktivitetar på Vitengarden**

Programmering og coding. Kom til Vitengarden og prøv korleis me kan programmera ein robot til å gjera det me vil han skal. Me programmerer ulike robotar, både bilar, bier og kanskje og ein ven.

**Søndag 5. april kl. 12.00: Eggande aktivitetsdag på Vitengarden**

Tradisjonsrik aktivitetsdag palmesøndag med mange eggande aktivitetar ute og inne. Koking og maling av påskeegg, jakt etter gøynte påskeegg, slakt av kylling, og mykje meir.

**Søndag 26. april kl. 12.00 : Aktivitetsdag: 4H- og skogdag på Vitengarden**

Mange gilde aktivitetar både inne og ute, i samarbeid med 4H-klubbane i Hå og Skogselskapet i Rogaland.

**Søndag 3. mai kl. 12.00: Sesongopning på Grødal land**

Besøk eit av dei best bevarte gardsanlegga i Rogaland. Grødal land har søndagsope frå mai til september. Arr. i samarbeid med Hå historielag.

**Søndag 14. juni kl. 12.00 Aktivitetsdag: Biedag på Vitengarden**


Besøk bikuba, lag honninglys og slyng honning. Smak på ulike honningprodukt og bli betre kjent med arbeidet til birøktaren.

Meir info om arrangement: [www.vitengarden.no](http://www.vitengarden.no)

Billettar Grødal land: Barn gratis / vaksne kr 40.

Billettar Vitengarden: Barn kr 75 / vaksne kr 140 / honnør kr 110.

Jærmuseet sitt årskort, kan nyttast på alle aktivitetsdagane og i vinter- og påskeferien.



## STÅVÅ

### Fredag kl. 13.00. Seniorkafe.

Hå kulturtorg, Torlandsvei 14, Nærø. Inngang med enkel servering kr 80,- [www.ha.no/kulturprogram](http://www.ha.no/kulturprogram)

### 10. januar: Smiene på Motland og Audamotland

Foredrag ved Målfrid Grimstvedt, Jærmusæt.

### 17. januar: 2. verdenskrig i Rogaland.

Okkupasjons historie ved Hjalmar I. Sunde, Militærhistorisk forening Rogaland.

### 24. januar: Syng deg glad

med 2 tynne og ein Runde.

### 31. januar: Svalbard

Foredrag ved Annvor Erås.

### 7. februar: Ønsketransporten

Presentasjon ved Leif Magne Enåsen

### 14. februar: «Minnestaden – gruppebilde frå Knudahøi»

Foredrag ved Inger Undheim, Garborgsenteret.

### 21. februar: Frafjordheiane del 2

Foredrag og foto ved Oddvar Bilstad.

### 28. februar: Sau

Foredrag ved Stian Ravndal, Garborgsentret.

### 6. mars: Foto

Presentert av Søren Sviland.

### 13. mars: Syng deg glad

med 2 tynne og ein Runde.

### 20. mars: Dan Andersson sine viser.

#### "Den gode melodi":

Konsert ved Leif Blix og Lars Nygaard.

### 27. mars: Frøylandsvatnet

Film ved Leiv Tafjord.

### 17. april: Quiz

med Jan Inge Buene.

### 24. april: Renessansen

Kunstforedrag ved Elisabeth Søyland.

## OGNA SCENE I HELGÅLEIREN

### Januar

Lør 04 - Kl.20.00 – Konsert med **Matti Røssland**

Man 06 - Kl.19.00 – Strikkekveld

Tir 07 - Kl.19.00 – Quizkveld med Atle

Fre 10 - Kl.20.00 – Konsert med **Asbjørn Ribe Trio**

Lør 11 - Kl.14.00 – Konsert med **Nowhere men Beatleskor**

Lør 11 - Kl.20.00 – Dobbeltkonsert med **Bård Halsne m/band & Stina Kjelstad**

Fre 17 - Kl.20.00 – Venner av Ogna Scene kveld med show & underholdning

Lør 18 - Kl.20.00 – Konsert med **D'AccorD** i regi av Jæren & Dalane Progrock klub

Tir 21 - Kl.19.00 – Siouxindianerne i dag, presentert av Trond Ueland

Fre 24 - Kl.20.00 – Konsert med **Synnøve Aanesen m/band**

Lør 25 - Kl.14.00 – En hyllest til Anne Grete Preus i regi av Jæren Viseklubb (UTSOLGT)

Lør 25 - Kl.20.00 – Konsert med **Asle Beck**

Ons 29 - Kl.19.30 – Visekveld med **Doddo & Ragnar Lillemo** i regi av Jæren Viseklubb

Fre 31 - Kl.20.00 – Konsert med **KNUT Rørtveit m/band**

### Februar

Lør 01 - Kl.14.00 – Konsert med **Randi Tytingvåg trio**

Søn 02 - Kl.19.00 – Dobbeltkonsert med **Christina Flood & Emilie Eie**

Man 03 - Kl.19.00 – Strikkekveld

Tir 04 - Kl.19.00 – Quizkveld med Atle

Ons 05 - Kl.19.00 – Jærmalerene på Ogna 1870 – 1940 av Lisabet Risa

Fre 07 - Kl.20.00 – Konsert med **Wayne Brasel kvartett**

Lør 08 - Kl.14.00 – Konsert med **Real Neils "The Neil Young story"**

Lør 08 - Kl.20.00 – Konsert med **West Coast Fog**

Ons 12 - Kl.20.00 – Konsert med **Terje Nordgarden**

Fre 14 - Kl.20.00 – Konsert med **Paal Flaata & Gøran Grini**

Lør 15 - Kl.14.00 – Ølsmaking

Lør 15 - Kl.20.00 – Konsert med **35 tapes** i regi av Jæren & Dalane Progrock klub



Ons 19 – Kl.19.30 – Visekveld med **General Forsamling & Jarle Obrestad** i regi av Jæren Viseklubb  
Tor 20 – Kl.20.00 – Blueskonsert med **Beggars Blue (DK)**  
Fre 21 – Kl.20.00 – Konsert med **The Naked Lunch** "Tribute til Steely Dan"  
Lør 22 – Kl.14.00 – Tedans for Jæren & Dalane Progrock klubb- Konsert med RUSJ  
Lør 22 – Kl.20.00 – Konsert med **Morning Crows & Bad Uforia**  
Lør 29 – Kl.14.00 – "Et møte med høvdingen Erik Bye". Forestilling med **Stephen Ackles**

## Mars

Man02 - Kl.19.00 – Strikkekveld  
Tir 03 - Kl.19.00 – Quizkveld med Atle  
Tor 05 - Kl.20.00 – Konsert med **Ine Hoem**  
Fre 06 - Kl.20.00 – Konsert med **Anders Jektvik (support Audun SK)**  
Lør 07 - Kl.14.00 – Konsert med **Fint Fransk Orkester**  
Lør 07 - Kl.20.00 – Konsert med **Dagdriverene**  
Søn 08 - Kl.19.00 – Konsert med **Lewi Bergrud & Kjell Inge Torgersen**  
Tor 12 - Kl.20.00 – Konsert med **Tom Roger Aadland & Tove Bøygård**  
Fre 13 - Kl.20.00 – Jazzkonsert med **Christina Dahl Kvartett (DK)**  
Lør 14 - Kl. 14.00 – Showkonsert med **Gunnar Andersen**  
Lør 14 - Kl.20.00 – Konsert med **Sylas Triotokt**  
Ons 18 - Kl.19.30 – Visekveld med **Olav Larsen & Hear med Roar** i regi av Jæren viseklubb  
Fre 20 - Kl.20.00 – Konsert med **Laymans Wiew**  
Lør 21 - Kl.14.00 – Konsert med **Gudmund Rydning med band**  
Lør 21 - Kl.20.00 – Konsert med **Shaman Elephant** i regi av Jæren & Dalane Progrock klubb  
Tor 26 - Kl.19.00 – Historiekveld: Med Ogna i hjarta - 2. Av Otto Laurits Fuglestad  
Fre 27 - Kl.20.00 – Konsert med **Valhammer**  
Lør 28 - Kl.14.00 – Viselunsj med Svenske og Norske Sanger på Svensk med **Pär Sörman & Rune Elsen Carlsson** i regi av Jæren Viseklubb  
Lør 28 - Kl.20.00 – **The Future** "en hyllest til Leonard Cohen"

## April

Lør 04 – Kl.14.00 – Tedans for Jæren & Dalane Progrock Klubb (info kommer)  
Lør 04 - Kl.20.00 – Konsert med **Frank Robert Andreassen trio**  
Man 06 - Kl.19.00 – Strikkekveld  
Tir 07 - Kl.19.00 – Quizkveld med Atle  
Tor 09 - Kl.20.00 – **Main Street** spiller inn påsken på Ogna Scene  
Fre 10 - Kl.20.00 – Dukketeater for voksne "**Because I love you**" ved **Skromlehjulet**  
Lør 11 - Kl.20.00 – Påskeaften Konsert med **Armar Og Bein**  
Ons 15 - Kl.19.00 – Visekveld med **Are & Kjersti Sleveland** i regi av Jæren Viseklubb  
Tor 16 - Kl.20.00 – Konsert med **Cecilia Vannersten**  
Fre 17 - Kl.20.00 – Konsert med **Ingrid Olava & Jørn Myklebust**  
Lør 18 - Kl.14.00 – Ølsmaking  
Lør 18 - Kl.20.00 – Konsert med **Kaanan** i regi av Jæren & Dalane Progrock klubb  
Fre 24 - Kl.20.00 – Vårslapp av ord med : **Helge Torvund, Ingvar Hovland, Arnt Olav Klippenberg, Svein Tang Wa med flere....**  
Lør 25 – Kl. 20.00 – Konsert med **På stengrunn 2-På gjensyn** - medvikende: Lars Klevestrand, Kari Svendsen, Pål Moddi, Steinar Ofsdal, Carl Morten Iversen....

## Mai

Man 04 – Kl.19.00 – Strikkekveld  
Tir 05 – Kl.19.00 – Quizkveld med Atle  
Ons 06 – Kl.19.00 – Synesvarden & Mauritz Kartevold av Rolf Erik Solheim  
Ons 13 – Kl.20.00 – Konsert med **Jan Eggum**  
Lør 23 – Kl.20.00 – Country konsert med **Nashville Sound & Lisbeth Hauge**  
Lør 30 – Kl.14.00 - Tedans for Jæren & Dalane Progrock klubb- Konsert med Optimae  
Lør 30 – Kl.20.00 – Tribute til Kim Larsen – Bent & Drengene + en pige  
Søn 31 – Kl.20.00 – Konsert og humor med **han innante / Torolf Nordbø**

**For oppdateringer i programmet se [www.ognascene.no](http://www.ognascene.no)**

## Kultur i Løå

Torsdag 20/2 Olav Larsen konsert

Torsdag 19/3 Livsstilsending og sunn mat med Maggi Gausel

Torsdag 23/4 «Norske garasjer» med forfattar Miriam Høvik Halstvedt

Søndag 17/5 Kulturkveld med musikar Svein Tang Wa

Tysdag 23/6 Jonsok

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.

Datoar: 22/1, 12/2, 26/2, 11/3, 25/3 og 22/4

Programmet blir oppdatert på plakatar, facebook, sms og mail.

**Spørsmål til programmet: 938 13 234**

For å få påminning på SMS og mail, kan de melde dykk inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med namn og e-postadresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook



## HÅ HISTORIELAG

**27. februar kl. 19.00. Vigrestad Idrettsklubb**

**Stasjonsbyane langs Jærbanen, Rogaland og det store hamskiftet på 1800-talet**

Foredrag ved Egil Harald Grude, tidlegare fylkeskonservator og kultursjef i Rogaland fylkeskommune.

Årsmøte i historielaget etterpå.

Smørbrød og fløyterull

Gratis inngang for medlemmer, andre kr. 100

**19. mars kl. 19.00. Nærbø bibliotek**

**"Ny Jord"-programmet**

vart danna i 1908 og hadde til føremål å minske utvandringa til Amerika. Etter kvart arbeidde selskapet mest for bureising på udryka jord. Fram til midten av 1930-tallet hadde selskapet gitt tilskot til meir enn 10 000 bureisingsbruk.

Enkel servering, inngang kr. 100

Tarald Oma vil ta oss med på denne reisa i historia.

**14. mai 19.00. Hå gamle prestegard**

**Funn og fornminne i Hå kommune**

Me startar med ein tur på strandgravfeltet på Hå. Deretter blir det foredrag på prestegarden ved arkeolog Olle Hemdorff, Arkeologisk Museum UiS.

Arr: Arkeologisk Museum UiS, Hå gamle prestegard og Hå historielag

[www.hahistorielag.no](http://www.hahistorielag.no)

[hahistorielag@gmail.com](mailto:hahistorielag@gmail.com)

Følg oss på Facebook

## **HÅ KULTURTORG**

Torlandsvegen 14, 4365 Nærø. Tlf. 51 79 35 30

post.kulturtorget@ha.kommune.no <https://www.ha.no/kultur-og-fritid/fritidstilbod/>

**Loen ungdomsklubb**, Hå kulturtorg, Nærø <https://www.facebook.com/Loen-ungdomsklubb>

**Lensmannsløa ungdomsklubb**, Varhaug. <https://m.facebook.com/lensmannsloa/>

**Tilrettelagt fritid** For barn og vaksne med særlege behov.

Kontakt kulturtorget <https://www.ha.no/kultur-og-fritid/fritidstilbod/>

## **HÅ KULTURSKULE**

Torlandsvegen 14, 4365 Nærø Tlf. 51 79 35 30

[www.ha.no/kulturskulen](http://www.ha.no/kulturskulen)

## **HÅ FOLKEBIBLIOTEK**

Dalvegen 21, 4365 Nærø

habib@ha.kommune.no

[www.ha.no/bibliotek](http://www.ha.no/bibliotek)

**Biblioteket på Nærø** Tlf. 51 79 36 80

**Biblioteket på Varhaug** Tlf. 51 79 17 08

**Biblioteket på Ogna** Tlf. 48 26 04 33

**Biblioteket på Vigrestad** Sjå heimesida vår for info

## **HÅ GAMLE PRESTEGARD**

Håvegen 347, 4365 Nærø

Tlf. 51 79 16 60

post.hgp@ha.kommune.no

[www.hagamleprestegard.no](http://www.hagamleprestegard.no)

### **OPNINGSTIDER**

1. september – 14. mai: Tysdag - fredag kl. 11.00-15.00

15. mai – 31. august: Tysdag – fredag kl. 11.00 – 17.00

Heile året: Laurdag - søndag kl. 12.00-17.00

KUNSTBUTIKK med gåver til jul, bryllup, bursdager og andre høve.

BOKHANDEL med lokale bøker, kunstbøker, kulturhistoriske bøker, kokebøker og romanar.

KAFÉ med lun atmosfære og herleg mat.

UTLEIGE av lokale på Hå gamle prestegard: post.hgp@ha.kommune.no

GÅVEKORT kan brukast både i kunstbutikken, bokhandelen, kaféen og til utleige.

## **OBRESTAD FYR**

20. juni – 15. august: Tysdag - søndag kl. 12 - 17

16. august – 27. september: Søndag kl. 12 - 17

Utleige og tilstellingar heile året: leie.obrestadfyr@ha.kommune.no

## På terskelen til morgenhuset

er eit fleirårig litteraturprosjekt i Hå kommune med utspring i det nasjonale Leseåret 2010. Heile brosjyren og meir info om kulturarrangement finn du her: [www.ha.no/kulturprogram](http://www.ha.no/kulturprogram)



Nasjonalbiblioteket



INSTITUSJONEN  
FRITT ORD



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE



HÅGAML  
EPREST  
EGARD

